







# Sven Flo

**5. november 2019**

STRYN KOMMUNE







STRYN KOMMUNE

FJORD



E 39
Dalsnibba
63
15
Middags-
hytta
60
63
Hornindal
Grodås
Eggene
258
E 39
Veslebygda
Flo
15
Stryne-
Raudegg
258
Hola
Videsæter
Stryn
Glomnes
Stryn
Oppstrynsvatnet
Oppstryn
Hjelle
Nuken
breen
613
Faleide
60
Loen
Skåla
Sætrefjellet
ndabygd
Nordsida
60
Skålatårnet
Innvik
Tindefjell-
breen
Sek
Slæom
Nordfjord
Lovatnet
Ramnefjell-
Bødalen
Austdals-
vatnet
breen
Skavegga
Re
Byrkjelo
Myklebust-
aksla
Breim
breen
Oldevatnet
nasjonalpark
Sprongdalshytta
Blåfjellet
E 39
Vora
Egge
Fåbergstølen
Breimsvatnet
Nigards-
Høgste
Stein-
Snønipa
Briksdals-
mannen
Daurmål
Breakulen
fjellet
breen
Kvitekoll
Arent
Høyset
Åmot
Klakegg
Høganibba












Hornindal
Grodås
Stryn
Nordfjord
Innvik
Skåla
Sandane
Gjerda-
Nuken
Jostedalsbreen
Faleide
Lunde
Svarstad
Bergset-
nakken
Blåegga
Saulakslia
Hennebygda
Randabygda
Kragefjellet
Gulkoppen
Lianibba
Loen
Oppstryn
Grova
E 39
15
60
698
258



**Reiseliv**
Stryn har lange tradisjonar med reiseliv, og er ein av dei største reiselivskommunane på Vestlandet.

Nordfjord blir marknadsført under slagordet «Alt i ein fjord» som gjev ei god beskriving av det unike Nordfjord har å by på som bu- og arbeidsområde, reisemål og for næringsetablering. Breane, fjella og fjorden har vore viktige trekkplaster for turismen og utvikling av reiselivet. Det er dei framleis, men i tillegg blir det lagt til rette for ulike typar aktivitetar i naturen. Vi har blant anna eit godt utbygt sti- og løypenett som kan nyttast heile året til fots, på ski eller på sykkel.


Nordfjord. Loen.









STRYN KOMMUNE

MADE IN STRYN






LOEN
SKYLIFT
1



# Dritlei turistbæsj i naturparadis

LODALEN (NRK) Bæsj, dopapir og søppel. Bygdefolket betalar prisen for turistboomen.



SKREKKELEG: Karin Sæten er ei av fleire grunneigarar i området som har fått nok.

FOTO: ASGEIR HEIMDAL REKSNES / NRK







LODALEN (NRK): Stryn kommune nyttar tekstmeldingar og skilting for å unngå ulovleg villcamping denne sommaren. Likevel gir turistane blaffen.



ULOVLEG CAMPING: Teltturistane i Lodalen trassar både skilting og tekstmelding frå kommunen.

FOTO: HARALD KOLSETH / NRK







# – Ja, vi såg skiltet men vi måtte finne ein plass for natta



STRYN KOMMUNE

FJORD NORWAY









AVFØRING: Syn som dette fekk bygdefolket i Lodalen til å reagere i fjor sommar.

FOTO: ASGEIR HEIMDAL REKSNES / NRK

Trass i restriksjonane er ikkje Stryn-ordførar Sven Flo (H) redd for at forboda skal skremme vekk turistane. Han peiker på at kommunen ønskjer å unngå ein reprise av fjorårssommaren.

– Vi synest vi har gode tiltak for å hindre det vi har opplevd, men som også gir rom og opning for at Breng skal brukast og at folk skal få den gode opplevinga vi vil dei skal ha her, seier Flo.

> *Breng er nærast eit ikon for tilreisande – så populært at vi ikkje har råd til å skitne det til slik vi gjorde i 2018*

FRÅ SAK I STRYN FORMANNSKAP 13.MARS 2019





STRYN KOMMUNE



# Reglar for Breng i Lodalen vedtekne av Stryn kommunestyre

Lytt til teksten

**Stryn kommunestyre vedtok 14. mai åtferdsreglar for bevaring av kulturlandskapet på Breng. Reglane skal hindre ulemper for grunneigarane sin bruk av området og fremje naturvennleg friluftsliv til glede for alle. Overnatting på Breng er no forbode.**

Reglane gjeld innafor området merka A, B og C i kartet.

**1. Formål**

Åtferdsreglane skal sikre bevaring av kulturlandskapet på Breng som nasjonalt ikon. Reglane skal hindre ulemper for grunneigarane sin bruk av området og fremje naturvennleg friluftsliv til glede for alle.



# Forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova § 15, Breng i Lodalen, Stryn kommune, Sogn og Fjordane

| | |
|---|---|
| Dato | FOR-2019-05-24-671 |
| Ikrafttredelse | 24.05.2019 |
| Gjelder for | Stryn kommune, Sogn og Fjordane |
| Hjemmel | LOV-1957-06-28-16-§15 |
| Kunngjort | 27.05.2019 kl. 13.30 |
| Korttittel | Åtferdsreglar etter friluftslova, Stryn |

## Kapitteloversikt:


Hoveddel

Kart

Utfyllande merknader til åtferdsreglane:


**Heimel:** Fastsett av Stryn kommunestyre 14. mai 2019. Stadfesta av Fylkesmannen i Vestland 24. mai 2019 med heimel i lov 28. juni 1957 nr. 16 om friluftslivet (friluftsloven) § 15.







D
B
A
C



# STRYN KOMMUNE

## Notat

Til:

Kopi til:

| Vår sakshandsamar: | Vår ref: | Dato: |
|---|---|---|
| Odd Rønningen | 17/2100-6 | 14.09.2018 |

### Akutte og langsiktige tiltak for ei levedyktig turistnæring i Lodalen.

Dette notatet tek føre seg manglande infrastruktur for reiselivet i Lodalen på område der kommunen er ein av aktørane, og der kommunen kan ha nøkkelen til løysing. Same problemstilling er høgst aktuell fleire stader i kommunen, men ikkje like akutt som i Lodalen. Lodalen kan ikkje leve med ein repitisjon av det som skjedde i 2018 inn i ein ny turistsesong.

**Bakgrunn.**

Ei grense vart nådd i Lodalen i 2018. Denne magiske dalen med bre, fjell, elv og vatn vart plutseleg allemanns mål og alle manns eige. Privatbilistar i stort antal snirkla seg inn dalen, parkerte på vegskuldera og satte opp telt langs den smale vegen. Spesielt populær var Breng. Her samla det seg opptil førti teltarar kvar natt utan tilgang til toalett. For å kome til eit ålment tilgjengeleg toalett måtte dei kome seg heilt til Kjenndalen, Bødalsetra eller Loen. Grunneigarane på Breng opplevde forsøpling, folkemøkk og mangel på folkeskikk i møte med desse ferieturistane. Fotomotivet Breng var besudla.







## Kva analyser har vi på plass?

I sak 102/18 den 22.08.18 gjorde formannskapet vedtak om «kommunalt engasjement for å sikre tilfredstillande toalett- og renovasjonsordningar i utmark i Stryn kommune». Vi tek med ordlyden i vedtaket i denne saka:

> «1. Kommunen vil vera **pådrivar** for etablering av toalett og avfallsleveringsordning der dette manglar og der korkje vegvesenet eller private kan påreknast å ha eit ansvar etter ureiningslova.
> 2. Kommunen kan **bidra økonomisk** til investering i toalett- og avfallsløysingar der statens vegvesen eller private ikkje har ansvar for dette, helst gjennom ei deling av kostnadane med aktuell statleg finansiering.
>
> Drift av toalettordningar som Statens vegvesen eller private ikkje har ansvar for bør skje som eit samarbeid mellom private og kommunen. Kommunen sitt ansvar kan til dømes vera tømming av toalett.»

Lodalen har tilgjengeleg toalett på Skålatårnet, på Bødalsetra og i Kjenndalen. Utgreiinga som grunnlag for vedtaket konkluderer med at toalett manglar i Bødal, og på Breng.
Lodalen har tilgjengeleg avfallsleveringsordning på Skålatårnet, på Bødalssetra og no også i Kjenndalen, men manglar slik ordning ved båtavgang på Lovatnet og i Bødal.
Totalt sett er det mangel både på toalett og avfallsleveringspunkt i Lodalen. Vedtaket i formannskapet den 22.08.18 bygger på innspel frå ulike aktørar i reiselivsbransjen systematisert før vi fekk dei store ansamlingane av teltarar til dømes på Breng og inneheld såleis ikkje ei oppdatert analyse av situasjonen.







# Auka turisttrafikk - betre infrastruktur

Lytt til teksten

**Stryn kommune ser no på midlertidige løysingar for resten av årets turistsesong, og er i forhandlingar med potensielle leverandørar for å avhjelpe situasjonen i Olden, når det gjeld toalett og renovasjon.**

Kommunen ser at den auka turiststraumen til Olden medfører nødvendige infrastrukturtiltak og ønskjer at turistar og fastbuande skal få ei god oppleving. Kommunen er oppteken av at besøkande skal reise frå Stryn med ei god kjensle. Stryn kommune vil jobbe vidare, i samarbeid med Olden, for å utarbeide meir permanente løysingar for neste års sesong.

Stryn kommune er ei stor turistkommune og vil ilag med samarbeidspartnarar finne dei gode løysingane for åra framover. Vi vil i løpet av dei neste vekene og månadane vurdere dei andre delane av kommunen, og det vil bli gjennomført ulike dialogmøter lokalt for å finne dei beste løysingane for den framtidige veksten i turistnæringa.

Stryn kommune ønskjer ei fellesskapstenking og at alle aktørar som er i bransjen skal samarbeide om å finne så optimale løysingar som mogleg.

